

# ÅRSRAPPORT 2013

FOR

# SIMAS IKS



*Eit spesielt år i Festingdalen!*

## Innhald

1. *Eit spesielt år i Festingdalen!*
2. *SIMAS i dag*
3. *Formålet med verksemda*
4. *Organisering av verksemda*
5. *Avfallsmengder og aktivitetar*
6. *Styret si årsmelding*
7. *Resultatrekneskap*
8. *Balanse*
10. *Notar*
11. *Revisjonsmelding*

## Eit spesielt år i Festingdalen!

Sommaren 2013 hende det som me fryktar mest; fredag ettermiddag 12. juli ringer ein nabo til Festingdalen om at det brenn på området vårt. Og ikkje nok med det, 2 veker etterpå er det ein ny brann. Dette er noko av der verste som kan skje på eit avfallsanlegg, og i etterkant kan me berre takka for god innsats frå interne og eksterne brannressursar for at det ikkje gjekk verre. Det var ingen samanheng mellom brannane, den fyrste starta i grovavfallet og den siste starta på grunn av lynnedslag i EE-avfall som var klargjort for utsending.

Aktiviteten i SIMAS auka også i 2013. Dette året er det fyrste der me passerar 60 millionar kroner i omsetnad. Totalt vart 26.750 tonn med avfall handsama i anlegget, noko som er ein auke på 23 % i forhold til året før. I tillegg er det også eit aukande krav til informasjon og service ovanfor kundane og betre oppfylging av desse. SIMAS ønskjer å vera ein rådgjevar og kompetanseberar på avfallshandtering, og dette spesielt inn mot næringsdrivande som kan ha spesielle utfordringar. Dette er eit område som er utsatt for stor konkurranse og er inne i ein spennande utvikling. Denne utviklinga ønskjer SIMAS å vera med på.

Det er no beslutta å skilje SIMAS sin aktivitet to ulike selskap. SIMAS IKS skal handtere dei lovpålagde aktivitetane som kommunane har ansvaret for. SIMAS Næring AS vert etablert for å ta hand om dei andre aktivitetane, som til dømes næringsrenovasjon. Dette er aktivitetar som er konkurranseutsett og må organisatorisk vere på armlengdas avstand frå den lovpålagde aktiviteten.

Det vart også i 2013 arbeida aktivt med ulike informasjonsaktivitetar. Heimesida er ein viktig informasjonskanal. I tillegg har me hatt mykje besøk frå både grunnskule og vidaregåande skule. Der var det informasjon om avfallssortering, sorteringskonkurranse og omvising på anlegget. Dette var eit populært tiltak, og over 300 born var på besøk. Denne aktiviteten ønskjer me å fortsetta med, og håpar enno fleire kjem på besøk i år.

Når det gjeld haldning til sortering blant innbyggjarane so er dette også avgjerande for å få til best mogeleg kostnadseffektiv avhending og sluttbehandling av avfallet. God sortering av abonnentane sparer SIMAS for mykje ekstraarbeid. For å betre informasjonsarbeidet, mellom anna med å oppretta direkte dialogar med kundane, har me som ein prøveordning vore med på lokale marknader. Dette arbeidet vil verta prioritert høgare i tida som kjem.

Me vil takka tilsette, samarbeidspartnarar, kundar og eigarkommunane for godt samarbeid i 2013.



Hallvard Thomassen  
Direktør




## SIMAS i dag

SIMAS er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal, med til saman 32 542 innbyggjarar. Selskapet starta opp i 1995 og har i dag ansvaret for all handsaming av hushaldningsavfall for eigarkommunane utanom Årdal. I tillegg vert det meste av næringsavfallet frå Indre Sogn omsett gjennom SIMAS.

Kontor- og arbeidsstad er Festingdalen på Kaupanger. Her er òg miljø- og avfallsstasjon, sorteringsanlegg, komposteringsanlegg og omlastingsstasjon for restavfall. I 2013 var det 16 fast tilsette. SIMAS kjøper renovasjons- og transporttenester av renovatør- og transportselskap. Meir informasjon om SIMAS finn ein på [www.simas.no](http://www.simas.no)

SIMAS har organisert verksemda innanfor tre hovudarbeidsområde; innsamling, handsaming og avhending av avfall.



Korleis den enkelte abonnent oppfattar avfallsløysinga og servicenivået vil kunne variere. Spesielt med dei geografiske utfordringane som regionen har med få abonnentar med spreidd busetnad. Men her vil òg den enkelte abonnent si personlege haldning til miljø og ressursbruk spela inn. For å kunne vurdere SIMAS sin funksjon vil følgjande vera viktig;

- Kva blir henta hjå abonnentane?
- Kva må bringast?
- Avstand til returpunkt og miljøstasjon?
- Opningstider?
- Fysisk utforming og estetikk?
- Gebyr og kostnader?

Dette er forhold som vert vektlagt i arbeidet med å vidareutvikla verksemda.

**ÅRSMELDING 2013**  
**SIMAS IKS**

## Formålet med verksemda

SIMAS vart stifta med heimel i kommunelova § 27 på møte i Sogn Regionråd den 20. mai 1994. Frå 01.01.02 vart SIMAS endra til å bli eit IKS, heimla i Lov om interkommunale selskap.

SIMAS skal løysa eigarkommunane sine oppgåver innan avfallshandtering på best mogeleg måte, både økonomisk, ressurs- og miljømessig.

I arbeidet med desse oppgåvene skal òg abonnentane sine ønskje og interesser takast omsyn til.

Selskapet skal leggja særleg vekt på miljøvenleg og kostnadseffektiv drift i alle ledd av avfallshandteringa. Selskapet skal i samarbeid med kommunane informera abonnentane om drifta av selskapet.


Selskapet skal i informasjonsarbeidet leggja vekt på å gje auka kunnskap og forståing for miljøvenlege handteringsmetodar. Selskapet skal samordna kommunane sitt arbeid med å hindra avfallsproduksjon, redusera avfallsmengdene og auka utnyttinga av ressursane i avfallet. Handteringa av avfallet skal skje på basis av økologiske prinsipp samstundes som sentrale miljøkrav vert stetta. Selskapet skal vera pådrivar ovanfor eigarkommunar, lokalt næringsliv og innbyggjarar innan avfallsområdet.

### Eigar- og ansvarsdel i selskapet:

Kommune	Folketal 01.01.2013	%-eigardel	Folketal 31.12.2013	%-eigardel	Del av total gjeld pr 31.12.13	Del av langsiktig gjeld pr 31.12.13
Aurland	1714	5,28 %	1715	5,27 %	2 080 810,42	1 513 108,32
Balestrand	1337	4,12 %	1306	4,01 %	1 584 570,50	1 152 256,24
Høyanger	4222	13,00 %	4183	12,85 %	5 075 236,14	3 690 572,64
Lekanger	2255	6,94 %	2268	6,97 %	2 751 765,61	2 001 008,55
Luster	5041	15,52 %	5089	15,64 %	6 174 486,42	4 489 917,33
Lærdal	2176	6,70 %	2174	6,68 %	2 637 715,36	1 918 074,33
Sogndal	7477	23,02 %	7623	23,43 %	9 248 989,98	6 725 612,06
Vik	2731	8,41 %	2688	8,26 %	3 261 351,84	2 371 565,69
Årdal	5521	17,00 %	5496	16,89 %	6 668 299,74	4 849 004,84
SUM	32 474	100,00 %	32542	100,00 %	39 483 226,00	28 617 380,00

## Organisering av verksemda

Selskapet sitt øvste organ er representantskapet. Eigarkommunane vel ni medlemmar til representantskapet. Styret har fem medlemmer og tre varamedlemmer, valde av representantskapet. Direktøren står ansvarleg for den daglege drifta av SIMAS.



### Representantskapet

Representantskapet skal sjå til at selskapet vert drive etter føremålet, selskapsavtalen og i samsvar med lover og vedtekter. I 2013 handsama representantskapet dei faste sakene etter selskapsavtalen. I tillegg hadde representantskapet eit arbeidsmøte der framtida til verksemda vart diskutert.

### Styret

Styret har hatt følgjande medlemmer i 2013

- Jøril Hovland, Sogndal kommune, leiar
- Jan Roy Dalheim, Årdal kommune, nestleiar
- Åge Skrede, Balestrand kommune
- Edith Valeberg Eggum, Leikanger kommune
- Ingebjørn Giil, Høyanger kommune

Varamedlemmer:

1. Eivind Rinde, Vik kommune
2. Margunn Hylland, Aurland kommune
3. Alf Magne Hjellum, Lærdal kommune


## ÅRSMELDING 2013 SIMAS IKS

Styret har hatt 7 møter i 2013, der eit av møta var styreseminar i lag med dei tilsette. Styret har handsama 73 saker. Dei viktigaste sakene utanom årsmelding, rekneskap, budsjett og investeringsplan var oppfølging av ny strategiplan.

I styremøta utgjer referatsakene med orientering frå administrasjonen til styret om drifta om lag halve møtetida. Det vert her særleg fokusert på dei områda i drifta og i administrasjonen som har avvik frå ordinær drift. Denne delen av møta er styret si viktigaste kjelde for å sjå til at selskapet vert drive på ein god måte.

### Organisasjon

SIMAS har i 2013 16 fast tilsette. I tillegg er det leigd inn ekstra ressursar for å kunne handtere forskjellig prosjekt. Organisasjonskart pr 31.12.13 ser slik ut;



Sjukefråvær var i 2013 på 2,6 %, mot 3,4 % i 2012. Av dette utgjer langtidssjukefråværet 0,3 % mot 2,1 % i 2012.

**ÅRSMELDING 2013**  
**SIMAS IKS**


## Avfallsmengder og aktivitetar

Totalt vart avfallsmengda som SIMAS handterer auka med 23 % til 26.750 tonn. Endringa skyldas i hovudsak auka mengd dekkmasse, men også auke i mengda farleg avfall. Her er talla inkludert klorparafinvindaug. Elles er mengdene om lag som for tidlegare år.

Hovudtalla for dei ulike avfallstypene er som følger;

	År 2013	År 2012	År 2011	År 2010	År 2009	År 2008	År 2007	År 2006
Restavfall	7308	7 352	7 356	6 340	7 129	7 513	7 411	7 625
Våtorganisk avfall	4988	4 905	4 556	4 853	5 013	4 989	4 784	3 778
Papp/papir	2340	2 401	2 527	2 254	2 367	2 569	2 534	2 448
Husholdningseballasje	58	58	47	30	23	28	38	120
Plastemballasje - næring og landbruk	107	111	125	106	126	97	110	68
Glas	350	349	371	268	293	274	260	273
Skrap	1017	1 093	792	854	701	640	561	372
Reint treavfall, park og hageavfall	442	778	503	349	347	377	354	231
Blanda treavfall	1710	1 784	1 816	1 463	1 873	1 322	917	783
Klede	80	48	20	84	80	80	60	54
Kuldemøblar	78	-	-	83	38	60	70	86
EE-avfall	26	77	45	232	145	264	230	261
RENAS avfall	27	65	38	96	167	117	187	95
Asbest	42	56	71	95	28	41	80	9
Farleg avfall, inkl korparafin vindaug	234	192	156	85	172	155	163	90
Trykkimpregnert trevirke	123	170	100	100	121	109	100	77
Oljehaldig sand	164	-	-	-	14	1	9	64
Sandblåsingravfall	30	-	64	101	154	-	-	-
Avvatna slam	1451	1 223	1 584	1 125	1 630	1 680	1 553	1 134
Råslam	226	342	-	-	308	402	259	674
Dekkmasse	5949	264	2 921	1 202	154	733	6 585	6 327
Til saman	26 750	21 268	23 092	19 718	20 883	21 451	26 265	24 569


Hovudmengdene av avfallet vert transportert inn til Festingdalen med renovasjonsrutene. Dette fordeler seg som følger;





## Handsaming av avfallstypar

Når ein kjeldesorterer kan ein nytta dei fleste avfallstypane som råvare i produksjon av nye varer. SIMAS si handsaming av avfallstypane har utgangspunkt i avfallshierarkiet;




## Gjenvinning

Av dei totale avfallsmengdene, eks dekkmassar, som vart handsama ved SIMAS sitt anlegg i Festingdalen vart 98 % gjenvunnet eller handsama her og sendt vidare til anna sluttbehandling hjå andre aktørar i avfallsbransjen. Dette er om lag som for 2012. Aukinga skuldast deponiforbodet som vart innført i april 2010.

## ÅRSMELDING 2013 SIMAS IKS

I samsvar med avfallshierarkiet ønskjer ein å arbeide for mest mogeleg materialgjenvinning. SIMAS har som målsetning at 90 % skal verta gå til gjenvinning, og at av dette skal 60 % gå til materialgjenvinning. For 2013 er gjenvinninga fordelt slik;



Hovudvolumet som går til forbrenning er restavfallet. Dette går til brenning i Sverige.

### Deltaking på marknader

SIMAS deltok på to lokale marknader med informasjon om renovasjonsordninga. I tillegg vart det sett ekstra fokus på matavfall på den eine marknaden. Dette er ein type arrangement som me vil vera meir aktive på i tida som kjem. Her treffer me abonnentane og får direkte dialog om renovasjonsordninga og kan svare på spørsmål som desse har.

Før opninga på marknaden i Aurland;




# ÅRSMELDING 2013 SIMAS IKS

Under haustmarkaden i Lærdal;



## Besøk på miljøstasjonane

SIMAS gjennomførte våren 2013 ein prøveordning med laurdagsopen miljøstasjon. Det var dårleg besøk på mange av miljøstasjonane. Likevel er det naudsynt å sjå nærare på tilbodet til abonnentane og då spesielt i Luster. Dette vil det verta arbeida vidare med.





# ÅRSMELDING 2013

## SIMAS IKS

### Styret si årsmelding

#### Om verksemda

SIMAS er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal, med til saman 32 542 innbyggjarar. Selskapet starta opp i 1995 og har i dag ansvaret for all handsaming av hushaldningsavfall for eigarkommunane utanom Årdal. I tillegg vert det meste av næringsavfallet frå Indre Sogn omsett gjennom SIMAS.

Kontor- og arbeidsstad er Festingdalen på Kaupanger.

#### Resultatet

Omsetninga i selskapet i 2013 var på 60,2 millionar kroner, dette er 0,3 millionar kroner høgare enn i 2012. Resultatrekneskapet syner eit samla overskot på 0,7 millionar kroner, dette er 3,1 millionar kroner lågare enn i 2012.

Eigedelar, eigenkapital og gjeld er pr 31.12.12 på 61,6 millionar kroner, der lånegjelda utgjer 26,2 millionar kroner, mot 26,5 millionar kroner pr 31.12.12. SIMAS har ei låneråme på 50 millionar kroner, gitt av eigarkommunane.

Styret meiner at årsrekneskapen gir eit rett bilete av SIMAS sine eignelutar og gjeld, finansiell stilling og resultat. Føresetnaden for fortsatt drift er til stades, og årsrekneskapet for 2013 er sett opp under denne føresetnaden.

#### Disponering av overskott

Overskotet på 0,7 millionar vert lagt til selskapet sin eigenkapital.

#### Finansielle investeringar

Verksemda har ein investeringsstrategi med låg risiko. Midlane selskapet har er plassert i pengemarknaden, og i aksjar i verksemder knytt til drifta av verksemda. Av samla midlar utgjer akseposten om lag 2 %.

#### Arbeidsmiljø og personale

SIMAS har i 2013 hatt 16 fast tilsette. I tillegg har det vore leigd inn ekstra personalressursar i samband med gjennomføring av ulike prosjekt.

Det samla sjukefråveret var i 2013 på 2,6 %. Av dette utgjer langtidssjukefråværet 0,3 %. Det vart ikkje registrert yrkesskadar eller yrkessjukdom som førte til fråvær. SIMAS IKS har som mål å vera ein arbeidsplass der det skal vera full likestilling mellom kvinner og menn. Tradisjonelt har det vore få kvinnelege søkjarar til våre stillingar, særleg når det gjeld utedrifta. Pr i dag har me 4 kvinner og 4 menn tilsett i administrasjonen. Det er 8 menn tilsett i utedrifta.

#### Ytre miljø

Selskapet har fleire aktivitetar for å halde skadedyr borte frå hovudanlegget i Festingdalen. Flygeavfall vert jamleg rydda bort frå nærområdet, og dei tilsette har årleg ryddeaksjon langs vegen ned til hovudvegen.

Sigevatnet hadde i 2013 same karakter som året før. Totalutsleppet var om lag som i 2012. Det vart hausten 2012 gjennomført ei kartlegging av sigevatne sitt verknad på



## ÅRSMELDING 2013 SIMAS IKS

resipient og rapporten kom i 1.kvartal 2013. Undersøkinga tek føre seg dei marine miljøforholda i sjøen utanfor Festingdalen. Resultata vert samanlikna med målingane i 1999 og 2006 og for dei fleste måleparametrane er dei ei positiv utvikling og tilstandsklassen er God eller Svært god.

Det er installert system for oppsamling av deponigassar og den innsamla gassen vert avfakla i eige anlegg.

### Framtida

Hausten 2009 utarbeida styret, saman med dei tilsette, ein strategiplan for perioden 2011-2013. Denne skal reviderast no og tek utgangspunkt i dei overordna krav som vert sett til verksemda, i tillegg til dei lokale utfordringane som regionen har innan avfallshandsaming. Styret meiner at strategiplanen tek omsyn til dei framtidige krav verksemda står framfor, men ein må òg vurdere om det fins moglegheiter for meir lokal verdiskaping med utgangspunkt i dei ressursane verksemda samlar inn.

Slutthandsaming av våtorganisk avfall er ei krevjande oppgåve. Kompostanlegget er påverka av eit aggressivt miljø. Arbeidet med å avklare framtida til anlegget pågår og vil bli avslutta i løpet av nær framtid.

Når det gjeld den daglege drifta har verksemda følgjande hovud utfordringar;

- Kontinuerleg informasjon for å halda oppe og endra haldningane til folk, slik at det å tenkje mindre produksjon av avfall og meir gjenbruk og gjenvinning vert naturleg og ein del av kvardagen
- Fylgja opp ordningane hjå abonnentane og handsama søknader frå abonnentane både rettferdig og raskt
- Auka gjenvinningsgraden av avfallet som SIMAS tek imot og handterer


Styret vil takke dei tilsette og samarbeidspartnarar for godt samarbeid.

Kaupanger 09.04 2014

  
Jøril Hovland  
Styreleiar

  
Jan Roy Dalheim  
nestleiar

  
Åge Skrede  
styremedlem

  
Edith Valeberg Eggum  
styremedlem

  
Ingebjørn Giil  
styremedlem

  
Hallvard Thomassen  
Direktør

# RESULTATREGNSKAP

## SIMAS IKS

<b>DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER</b>	<b>Note</b>	<b>2013</b>	<b>2012</b>
Salgsinntekt		59 529 624	60 267 059
Annen driftsinntekt		707 377	-384 949
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>60 237 000</b>	<b>59 882 110</b>
Varekostnad		27 603 040	27 148 295
End. beh. varer u.tilv. og ferdigvarer		-114 800	77 100
Lønnskostnad	2, 7	11 318 163	10 007 012
Avskrivning av driftsmidler og immaterielle eiendeler	3	6 886 356	7 255 439
Annen driftskostnad	2, 6	13 413 641	11 042 860
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>59 106 401</b>	<b>55 530 706</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>1 130 599</b>	<b>4 351 404</b>
<b>FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>			
Annen renteinntekt		194 934	151 995
Annen finansinntekt		20 020	41 124
Annen rentekostnad		649 361	690 335
<b>Resultat av finansposter</b>		<b>-434 407</b>	<b>-497 216</b>
Ordinært resultat før skattekostnad		696 192	3 854 188
<b>Ordinært resultat</b>	<b>8</b>	<b>696 192</b>	<b>3 854 188</b>
<b>EKSTRAORDINÆRE INNTEKTER OG KOSTNADER</b>			
Årsresultat		<b>696 192</b>	<b>3 854 188</b>
<b>OVERFØRINGER</b>			
Avsatt til annen egenkapital		696 192	3 854 188
<b>Sum overføringer</b>		<b>696 192</b>	<b>3 854 188</b>

## BALANSE

### SIMAS IKS

EIENDELER	Note	2013	2012
<b>ANLEGGSMIDLER</b>			
<b>IMMATERIELLE EIENDELER</b>			
<b>VARIGE DRIFTSMIDLER</b>			
Tomter, bygninger o.a. fast eiendom		35 203 425	33 928 787
Maskiner og anlegg		2 901 312	3 779 817
Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr		4 363 066	3 419 215
<b>Sum varige driftsmidler</b>	<b>3</b>	<b>42 467 802</b>	<b>41 127 820</b>
<b>FINANSIELLE ANLEGGSMIDLER</b>			
Investeringer i aksjer og andeler	4	209 651	209 651
Andre langsiktige fordringer		222 778	276 063
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>432 429</b>	<b>485 714</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>42 900 232</b>	<b>41 613 534</b>
<b>OMLØPSMIDLER</b>			
Lager av varer og annen beholdning	1	270 000	155 200
<b>FORDRINGER</b>			
Kundefordringer	1	11 754 265	7 678 341
Andre kortsiktige fordringer		316 075	291 456
<b>Sum fordringer</b>		<b>12 070 339</b>	<b>7 969 797</b>
<b>INVESTERINGER</b>			
Bankinnskudd, kontanter o.l.	5	6 334 367	19 539 622
<b>Sum omløpsmidler</b>		<b>18 674 706</b>	<b>27 664 619</b>
<b>Sum eiendeler</b>		<b>61 574 938</b>	<b>69 278 153</b>

# BALANSE

## SIMAS IKS

EGENKAPITAL OG GJELD	Note	2013	2012
<b>INNSKUTT EGENKAPITAL</b>			
Aksjekapital		22 081 280	21 385 086
<b>Sum innskutt egenkapital</b>		<b>22 081 280</b>	<b>21 385 086</b>
<b>OPPTJENT EGENKAPITAL</b>			
<b>Sum egenkapital</b>		<b>22 081 279</b>	<b>21 385 086</b>
<b>GJELD</b>			
<b>AVSETNING FOR FORPLIKTELSER</b>			
<b>ANNEN LANGSIKTIG GJELD</b>			
Gjeld til kredittinstitusjoner	6	26 225 920	26 482 180
Øvrig langsiktig gjeld		2 485 200	2 135 200
<b>Sum annen langsiktig gjeld</b>		<b>28 711 120</b>	<b>28 617 380</b>
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>			
Leverandørgjeld		8 052 818	14 493 766
Skyldig offentlige avgifter		799 374	2 228 089
Annen kortsiktig gjeld		1 930 346	2 553 831
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>10 782 538</b>	<b>19 275 687</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>39 493 658</b>	<b>47 893 067</b>
<b>Sum egenkapital og gjeld</b>		<b>61 574 938</b>	<b>69 278 153</b>

### Styret i SIMAS IKS




Jøril Hovland  
Styreleder




Jan Roy Dalheim  
Nestleder




Åge Skrede  
Styremedlem



Ingebjørn Giil  
Styremedlem



Edith Valeberg Eggum  
Styremedlem



Hallvard Thomassen  
Daglig leder



# SIMAS IKS

## NOTAR TIL REKNESKAPEN 2013

### Note 1: Rekneskapsprinsipp:

Årsrekneskapet er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små foretak.  
Følgjande rekneskapsprinsipp er nytta:  
Debitorar pr. 31.12.13 er vurdert til pålydande med reduksjon for avsetning tap på krav kr. 560.000,-  
Varelager er vurdert til innkjøpspris.  
Eigenkapitalinnskott KLP er ført som anleggsmiddel.

### Note 2: Tilsette, godtgjersler og lån til tilsette, m.m.:

	2013	2012
Lønskostnader består av følgjande postar:		
Løner:	kr 9 161 000,00	kr 7 871 475,00
Arbeidsgjevaravgift:	kr 1 060 054,00	kr 937 048,00
Pensjonskostnader:	kr 902 912,00	kr 911 346,00
Andre personalkostnader:	kr 194 199,00	kr 287 142,00
Sum lønskostnader:	kr 11 318 165,00	kr 10 007 011,00
Gjennomsnittleg tal tilsette:	17	16,00
Kostnadsført revisjonshonorar utgjer:	kr 58 969,00	kr 44 705,00
Godtgjersler til leiding:	Dagleg leiar:	Dagleg leiar:
Løn/annan godtgjersle:	kr 794 451,00	kr 798 395,00
Styreleiarhonorar	Styreleiar kr 71 000,00	Styreleiar kr 73 000,00

Ingen eigarar har gjeld til selskapet.  
Dagleg leiar har lån i selskapet. Pr 31.12.2013 utgjer dette kr. 99.168,-.  
Det er avtale på tilbakebetaling av lånet. Det blir betalt renter på lånet etter gjeldande normrente.

Pensjonsforpliktelsar er dekkja gjennom dei normale førsikringane i KLP.

### Note 3: Driftsmidlar:

	Kostpris:	Avgang/ Tilgang:	Sats:	Årets avskrivn.:	Akk. avskrivn.:	Bokført 31.12.13:
Tomter, bygninger o.a fast eigedom	kr 71 724 518,07	kr 5 779 873,61	5-10%	kr 4 527 236,28	kr 37 582 730,66	kr 35 394 424,74
Maskiner og anlegg	kr 10 254 618,30	kr 520 494,40	20 %	kr 1 377 000,00	kr 6 687 801,14	kr 2 710 311,56
Driftsløsøre, inventar o.a utstyr	kr 16 089 074,23	kr 1 925 971,13	10-33%	kr 982 120,18	kr 12 669 859,16	kr 4 363 066,02
<b>SUM:</b>	<b>kr 98 068 210,60</b>	<b>kr 8 226 339,14</b>	<b>0</b>	<b>kr 6 886 356,46</b>	<b>kr 56 940 390,96</b>	<b>kr 42 467 802,32</b>

Tilgang er finansiert ved bruk av eigenkapital og lån i Kommunalbanken.

### Note 4: Aksjar:

Selskap:	Total aksjekapital:	Tal aksjar:	Pålydande:	Overkurs:	Bokført verdi:
RECOM AS	kr 1 750 000,00	48	kr 500,00	kr 1 000,00	kr 101 651,00
RETURA AS	kr 1 580 000,00	60	kr 1 000,00	kr 1 800,00	kr 108 000,00

### Note 5: Skatt og bundne midlar:

	2013	2012
Avsett skattekostnad i balansen	0	0

Av samla bankinnskott er kr.600.000,- bundne skattetrekksmidlar.

### Note 6: Langsiktig gjeld, pantsetjingar og garantiar:

Eigarkommunane er garantistar og er gjensidig ansvarlege for alt låneopptak.  
Det er i 2013 avsett kr. 350.000,- i etterdriftsfond.  
Samla verdi etterdriftsfond utgjer pr. 31.12.13 kr. 2.485.200,-.

### Note 7: Obligatorisk tenestepensjon

SIMAS IKS pliktar å ha eigen tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon.  
Foretaket sin tenestepensjon vert administrert av Kommunal Landspensjonskasse (KLP).  
KLP oppfyller krava etter denne lova.

**Note 8: Avdelingsfordeling**

	<b>Kommunalt</b>	<b>Slam</b>	<b>Næring</b>	<b>Totalt</b>
Driftsinntekter	kr 30 866 247,00	kr 6 622 050,00	kr 22 748 704,00	kr 60 237 001,00
Driftsutgifter	kr -27 028 072,00	kr -6 054 919,00	kr -19 137 054,00	kr -52 220 045,00
Avskrivning	kr -3 986 050,00	kr -404 324,00	kr -2 495 982,00	kr -6 886 356,00
Driftsresultat	kr -147 875,00	kr 162 807,00	kr 1 115 668,00	kr 1 130 600,00
Finansposter	kr -268 453,00	kr -14 242,00	kr -151 712,00	kr -434 407,00
<b>Resultat</b>	<b>kr -416 328,00</b>	<b>kr 148 565,00</b>	<b>kr 963 956,00</b>	<b>kr 696 193,00</b>

Fond 01.01.2013	kr 1 086 626,00	kr 4 955 116,00
Resultat 2013	kr -465 438,00	kr 351 502,00
<b>Fond 31.12.2013</b>	<b>kr 621 188,00</b>	<b>kr 5 306 618,00</b>

Det vart i 2012 brukt feil resultat i sjølvkostberegninga. Det er difor ein differanse mellom Fond 31.12.2012 i noten i 2012 og Fond 01.01.2013 i noten i 2013

Kopi til:

Til Representantskapet i SIMAS IKS

## MELDING FRÅ REVISOR

### Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for SIMAS IKS, som viser eit overskot på kr 696 192,-. Årsrekneskapen omfattar balanse per 31. desember 2013, resultatrekneskap for rekneskapsåret som er avslutta per denne dato, ein omtale av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar.

### *Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen, og for at årsrekneskapen gir eit rettvisebilde i samsvar med reglane i rekneskapslova, tilleggskrav i lov om interkommunale selskap, forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for interkommunale selskap og god rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av økonomisk utruskap eller feil.

### *Revisor sine oppgåver og plikter*

Oppgåva vår er på grunnlag av revisjonen vår å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane er avhengige av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast økonomisk utruskap eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ei dekkjande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar og ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta er føremålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

### *Konklusjon*

Etter vår meining er årsrekneskapen framlagt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga til SIMAS IKS per 31. desember 2012, og av resultat for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med reglane i rekneskapslova, tilleggskrav i lov om interkommunale selskap og god rekneskapskikk i Noreg.

### **Fråsegn om andre tilhøve**

#### *Konklusjon om budsjett*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

#### *Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om fortsatt drift og forslaget til bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

#### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjonen av årsrekneskapen som omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

  
Marianne Vara  
Oppdragsansvarleg revisor